



Arkivnr: 2014/10532-5  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Forslag til kurs i regi av Deloitte

### Bakgrunn for saka

**Hordaland fylkeskommune valde Deloitte som revisor med verknad frå 1.7.2012. I kontrakten som er inngått går det fram av vedlegg 1 Kravspesifikasjon punkt 4 dette:**

*«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i fylkesadministrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 2 kursdagar per rekneskapsår.»*

**I tilbodet frå Deloitte punkt 3.2.8 går det også fram m.a. dette:**

*«Deloitte gjennomfører årleg ei rekkje kurs innanfor eit breitt spekter av faglige tema. Desse kursa vil nøkkelpersonar frå fylkeskommunen vederlagsfritt kunne delta på. Slike kurs kan eksempelvis omfatte nyhende innan avgift og rekneskap, aktuelle problemstillingar innan sentrale tenesteområde og/eller tema knytt til dømes til effektivisering, interkommunalt samarbeid, verktøy og metodar.*

*Deloitte vil også forplikte seg til å setje opp 2 kursdagar per rekneskapsår i tråd med konkurransegrunnlaget. Tema vil avtalast ved det einskilde høve.*

*Deloitte kan utover dette også halde andre kurs for kontrollutvalet eller fylkeskommunen innan ei rekkje tema. Vederlag vil bli avtalt i kvart tilfelle.»*

**Sekretariatet fekk 15.1.2014 e-post frå partner Helge-Roald Johnsen i Deloitte med følgjande tekst:**

*«Jeg er informert om at vår advokatavdeling skal holde kurs for 25 personer (ansatte og styrerepresentanter i selskaper der HFK er eier) i HFK på torsdag 16 jan. Kurset er satt opp fra kl 11 – 16.*

*I forhold til avtalen om kursavholdelse vi har med dere må vi diskutere hvordan dette skal avregnes innenfor kalenderåret 2014.»*

**På bakgrunn av det som går fram over gjorde kontrollutvalet i sak 12/14 i møte 17.2.2014:**

1. *Kontrollutvalet godkjenner at kurs som Deloitte gjennomførte 16.1.2014 for tilsette og styrerepresentantar i selskap der HFK er eigar, vert rekna som ½ dag av «kurs-kvoten» for 2014.*
2. *Deloitte vert til neste møte i kontrollutvalet beden om å komme med forslag til aktuelle tema det kan haldast kurs innan.*
3. *Forslaga bør innehalde desse punkta: tittel på kurset, målsetjing, målgruppe, varighet og føredragshaldar*

Drøfting

Sekretariatet har ved utsending av møteinnkalling ikkje motteke noko skriftleg frå Deloitte i denne saka. Vi antar difor at forslag til aktuelle tema vert lagt fram i møtet.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet på bakgrunn av det som kjem fram i møtet drøftar seg fram til kva tema det skal haldast kurs innan i 2014.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber om at Deloitte arrangerer kurs innan..... i 2014.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*